

■ **Namnedag**

20. september: Tobias, Tage
21. september: Trine, Trond

■ **Merkedagar**

21. september: Mattismesse, til minne om apostelen Matheus.

■ **Primstaven**

20. september: øks
21. september: bukk, hest, øks, støvel

På desse sidene vil me fortelja smått og stort frå der du bur. Kven er leiar i laget ditt etter årsmøtet? Har verksemda di fått ny leiar? Skriv gjerne minneord og omtale til årsmøtadar. Gratulasjonshelsingar må det betalast for. Annonser til desse sidene kan sendast til: marknad@avisa-hordaland.no Faks 56 53 03 08 • Tlf. 56 53 03 00 • Avis Hordaland, P.b. 38, 5701 Voss.

Open dag på brannstasjonen

VOSS: Laurdag midt på dagen er det open brannstasjon. Det vert ein del aktivitetar for born og unge, saman med foreldre, fortel utrykkingsleiar Øystein Ullestad ved Voss brannvern. Besøkjande kan få oppleve brannsløking med skumapparat, dei får sjå brannbilane på nært hald, og dei kan bli løfta opp i av snorkelbilen (stige-bil). Det vert også spørjekonkurranse, med fleire brennaktuelle spørsmål.

■ **Til lukka**



Kjære GABRIEL
Gratulerer så mykje med 3-årsdagen i dag!
Klem frå **farmor og farfar**



Til mamma!
Gratulerer med 20-årsdagen! Kjempelig i deg!
Klem frå **Andreas!!**



MARTA skulejente!
Gratulerer med 6-årsdagen i morgon!
Gode klemmar frå **Kristian, Anve, Karl og Astrid**



KIM-ANDRÉ
Gratulerer med 18-årsdagen den 20. sept.
Helsing **bestemor og bestefar**



STOREBROR HALLSTEIN FINNE ENGELSEN
Gratulerer med 5-årsdagen i går, onsdag 19. september.
Klem frå **oldemor og oldefar, tante Kaia, bestefar og mormor**



BJARNE HAGA
20 år 20. sept. Hipp hurra for godguten vår Bjarne Haga som er 20 år i dag. Pliktene kaller, du i dag må dra tilbake på plattform!! Håpar du der ute kake kan få! Kjempelig i deg. Klem frå **mamma og pappa, Morten, Anja, Kai-Robert, Kjell-Oddvar, Svein Helge** helsar òg.

Samling for gründerar og leiarar

Eli-Karin Yndestad inviterer til gründer- og leiarnettverk for kvinner.

– Målgruppa er kvinner som har starta eiga verksemd, eller som arbeider som leiarar, seier Yndestad (biletet).

Ho har lang erfaring med nettverksbygging og starta sitt eige firma i 2001.

Ho har vore med på å utvikla fleire nettverk sidan ho starta firmaet.

– Grunnen til at eg vil starta opp med nettverk for kvinner er at det er mange bedrifter som kvinner har etablert, men dei vert ofte ståande aleine, seier Yndestad.

Meir mangfald

Eit slikt nettverk vil i fylgje Yndestad bety eit større mangfald i næringsutviklinga på Voss.

– Nettverket vil òg gje fleire synlege kvinner i næringslivet på Voss, hevdar Yndestad.

Ho har fått fleire ynskje frå folk om at eit slikt nettverk er naudsynt.



– Det er viktig å skapa sin eigen identitet både som gründer og som leiar, påpeikar Yndestad.

Nettverket kan på sikt òg verta ope for menn, men som Yndestad seier, menn har vore på arenaen svært lenge og er meir synlege både i media og på møte og debattar.

Nettverksbygging på denne måten vil auka innovasjonen ved at ein legg til rette for at kvinner kan skapa, tilpassa og utnytta nye produkt, tenester og prosessar, meiner Yndestad.

Aktiv deltaking

– Nettverk er noko ein skaper sjølv, og deltakarane må vera aktive for at dette skal fungera, seier Yndestad.

På første samling kjem Linda Eide for å fortelja om si gründererfaring. Og Yndestad skal presentera sine grunnar for at ho ynskjer å starta nettverk for kvinner.

– Samlingane er hovudsakleg for gründerar og leiarar i offentleg eller privat sektor, seier Yndestad.

Det er viktig å knyta kontaktar på tvers av bransjar, fag og profesjonar og dette vil auka sjansane for personleg, fagleg og bedriftsmessig utvikling, i fylgje Yndestad.

– Kvinner frå Vaksdal, Granvin og Ulvik, Kvam og sjølvsagt Voss er hjarteleg velkomne til Park, seier Yndestad.

Første samling vert måndag 1. oktober og skal halda fram kvar første måndag i månaden framover.

BRYNHILD STEINE | tekst
S JUR HERRE | foto
redaksjon@avisa-hordaland.no

Storoffensiv i astma- og allergilaget

VOSS: – Mange kjenner seg aleine om problema. Men me er utruleg mange, og lokallaget kan vera ei god støtte, seier Anne-Marie Skåltveit og Liv Indredavik.

I haust har Voss og omland astma- og allergilag storoffensiv for at folk skal verta kjende med kva lokallaget kan bidra med.

– Veke 39 er astma- og allergiveka. Då vil me ha markering på torg-torsdag 27. september, med stand, loddsal og allergivenlege kaker, seier Liv Indredavik

– Me deler ut kakeoppskrifter, for det er mange som ikkje toler til dømes gluten, egg eller mjølk, seier Anne-Marie Skåltveit. Det vil også vera stand på Amfi denne dagen. I ein ny brosjyre får ein informasjon om lokallaget sine aktivitetar, og om Norges Astma- og allergiforbund sine tilbod i Noreg og på Gran Canaria.

– Me ynskjer å gjera folk kjende med at me finst. Dei fleste prøver å leita fram opplysningar sjølve, og mange kjenner seg aleine om problema. Men me er utruleg mange, seier styremedlemene Indredavik og Skåltveit.

Torsdag 27. september er det også opning av kontor for Voss astma- og allergilag. Det vert hjå Lærings-



STØTTE: Liv Indredavik og Anne-Marie Skåltveit i Voss og omland astma- og allergilag har i haust nye brosjyrar, nytt kontor pluss ei stor aktivitetshelg for familiar på programmet.

og meistringssenteret på Rogne.

– Opningstid vert kvar tredje torsdag, nokre timar om ettermiddagen, seier Liv Indredavik.

Desse dagane vil det vera styrerepresentantar frå lokallaget på kontoret, og fagfolk vil halda foredrag. – Me ynskjer også å få til ei seniorgruppe, ei juniorgruppe og ei samtalegruppe for foreldre, seier Liv Indredavik.

Helga 12.-14. oktober skipar Voss lokallag, saman med foreininga i Bergen, til familiekurs på Voss. Det vert ei aktivitetshelg i Bavallen, under tittelen «Meistring for heile familien». Kurset er fullteikna

med familiar frå heile fylket. Mange born er med, og det er i tråd med NAAF sin strategiplan der 2007 er peika ut til å vera barneastmaåret.

– Når borna kjem saman på eit slikt kurs, ser dei at dei kanskje kan meistra ting dei ikkje trudde, berre det vert lagt litt til rette, seier Anne-Marie Skåltveit.

Og til sommaren planlegg lokallaget to turar til det norske helse-senteret NAAF har på Gran Canaria, der lokallagsleiar Torild Ullestad jobbar store delar av året.

ANNE RIVENES | tekst og foto
ar@avisa-hordaland.no

Utferdslaget til Osterøy

VOSS: Turen søndag skal etter planen gå til Høgafjellet, høgste fjellet på Osterøy 868 moh (Kartblad 1216 III Stanghelle). Me reiser med buss til Tysse i Osterfjorden. Der startar turen på ein ny god trasé opp til den nedlagte garden Tyssebotn 189 moh og vidare forbi Øvre Botnavatnet mot

Høgafjelltoppen. Ca 4 timar opp, relativt bratt i parti med gåing i stigar enkelte stader. Flott utsikt både undervegs og frå toppen – også til Lønahorgi om veret er lagleg. Ned att går me mot aust via dei idylliske Bernessætrane mot Storavatnet og ned til Vare der bussen hentar oss. Det er

ein lang tur, ca 8 timar, og oppstigninga er relativt tung og lang, mange parti på steinete fjell. Det er karrig terreng på fjellet og få stader å søkja ly. I tilfelle dårleg vær kan turen verta avkorta/omlagt. Vel møtt.

TURLEIARAR: **BENTE OG BERNT DALTVEIT**

■ **Namn & nytt**

90 år

Gudrun Hjelle, Voss, fyller 90 år fredag 21. september.

Solveig Stokker, Ulvik, fyller 90 år fredag 21. september.

85 år

Ingebjørg Selberg, Voss, fyller 85 år i dag, torsdag 20. september.

70 år

Olav Holven, Granvin, fyller 70 år fredag 21. september.

■ **Goabadne**



Siv Iren (f. Bjørdal) og Kim Frode Høili, fekk ein gut på Stavanger Universitetssykehus 21. august. Guten heiter Filip.



Henriette Himle Istad og Terje Istad, Opeland, fekk ein gut 6. september 2850 gram. Oddmund er stolt storebror. Guten heiter Styrk.



Oddrun og Øyvind Haaheim, Skulestadmo, fekk ei jente 6. september, 3450 gram. Markus (1 ½) har fått seg ei syster.



Ragnhild Vaksdal og Ørjan Låstad, Åsane, fekk ein gut 7. september, 3630 gram. Guten heiter Bendik.